

Protokoll fra Årsmøte i Støttegruppa 22. juli Møre og Romsdal, Ulsteinvik, 8.3. 2014.

Antal røysteføre medlemmar på årsmøtet: 25.

Sak 1. Opning

Årsmøtet starta med at fylkesstyret i Møre og Romsdal sin leiar Hege Løseth og leiar for fylkesstyret i Sogn og Fjordane, Kolbein Fridtun ynskte medlemmar, styret og stortingsrepresentant Fredric Holen Bjørdal vel møtt.

Fredric Holen Bjørdal heldt opning av årsmøtet for begge fylkeslaga.

Litt praktisk informasjon ang. årsmøtet og likemanns samlinga ved Hege Løseth

Informasjon om NRK sitt planlagde program «Brennpunkt» hausten 2014. Tema: fordeling av skjønnsmidlar etter 22. juli i kommunane. Dette er også omtala i det nyleg utsendte Nyheitsbrevet frå NSTG til alle medlemmane.

Orientering om prosjektet nettverk for kommunale kriseteam i Møre og Romsdal fylke v/ fagleiar for psykisk helse i Averøy kommune, Ingrid Olavsdotter Nesland. Ho er tilsett som koordinator i 30 % stilling frå 1.8.14 av Fylkesmannen. Det vert ei offisiell opning 24.9.14 av dette arbeidet.

Orientering om minnestad på Utøya v/ Kolbein Fridtun. Frist for å kome med innspel er 15.3.14. Kontakt gjerne Jørgen Frydnes ang. dette. De finn e-post adr. og tlf. nr. på det siste Nyheits brevet frå NSTG. Denne minnestaden skal vere meir privat, for dei pårørande og dei overlevande, og skal vere i AUF sitt eige. Innan 22. juli 2015 skal minnestaden vere ferdig.

Deretter gjekk vi over til sak 2.

Sak 2. Konstituering

Val av årsmøte funksjonærar – **Innstilling:**

Dirigent: Silja Øvrelid

Referent: Margun V. Romestrand.

Skrive under protokoll: Anny Hjetland og Svein Vorren. .

Vedtak: Innstillinga vart ein stemmig godkjend.

Dirigent og referent tok så plass ved tilvist bord

Dirigent takka for oppdraget med å leie årsmøtet og gjekk vidare i programmet.

Godkjenning av møteinnkalling – **Vedtak: ein stemmig godkjend.**

Godkjenning av sakliste – **Vedtak: ein stemmig godkjend.**

Sak 3. Årsmelding

Dirigent tok så opp pkt. 3 på saklista – Årsmelding.

Årsmeldinga for styret sitt arbeid er ei oversikt over det styret har arbeidd med og aktivitetar som styret har delteke på frå januar 2013 og fram til januar 2014. Dirigenten gjekk gjennom hovudpunkta i årsmeldinga. Dersom nokon hadde spørsmål eller kommentarar til årsmeldinga, vart det opna for det etter at den vart gjennomgått.

Medlemmane hadde følgjande innspel til endring til punktet «Likemanns aktivitet». Erik Kursetgjerde deltok på Hordaland fylkeslag si samling 18.-19.januar på Voss.

Innstilling: Årsmeldinga for fylkesstyret frå januar 2013 til januar 2014 vert vedteken med endringar som foreslått.

Vedtak: Årsmeldinga vart ein stemmig vedteken med endringar.

Sak 4. Handlingsplan.

Dirigenten las hovudpunkta i handlingsplanen.

Det vart opna for spørsmål og kommentarar.

Merknad til «likemanns aktivitet»: Det er planlagt ei samling for ungdommen i Bergen i oktober. Ansvar for planlegging : Erik, Kitty og Sveinung. Dette bør inn i handlingsplanen.

Merknad til «likemannsaktivitet»: Ein bør endre deloverskrifta til «Mødre/ fedrekveldar».

Innstilling: Handlingsplanen vert tatt opp til godkjenning med ovannemnde endringsforslag ved avstemming.

Vedtak: Handlingsplanen vart einstemmig vedteken med endringane.

Sak 5. Rekneskap.

Dirigenten ba kasserer Lusie Gjersvoll gjere greie for det arbeidet som har vore gjort med rekneskap for 2013. Ho gjekk gjennom hovudpostane i rekneskapet som har blitt ført ved Økonomisenteret, Sunndalsøra. Jon Inge Lervåg og Jon Kvalø er revisorar for rekneskapet. Kvalø har ikkje gått gjennom rekneskapet.

Det vart deretter opna for kommentarar og spørsmål frå medlemmane.

Kommentar: reiseutgiftene til styret ved likemanns aktivitetane bør førast på posten «Reisekostnad likemanns aktivitet», og ikkje på eigen post for reiseutgifter.

Ein bør kome med innspel til Fylkesmannen at kommunane som har fått tildelt skjønnsmidlar bør orienterte berørte familiar om at ein har fått tildelte midlar som ein kan søke på ved

behov. Ved siste tildeling var det 2 kommunar som fekk tildelt midlar ved søknad, i tillegg til vårt eige fylkeslag.

Innstilling til vedtak: Rekneskapet vert godkjend med endringar, og under føresetnad om at revisor nr. 2, I Jon Kvalø ser gjennom rekneskapet i etterkant, sjå Revisjonsmeldinga 2013. Det vil då vere opp til styret og ta imot ev. merknadar som styret tek med til det neste årsmøtet.

Vedtak: rekneskapet vart ein stemmig godkjend med endringar og føresetnadar som nemnd ovanfor.

Sak 7. Budsjett.

Forslag for budsjett for 2014 var lagt fram. Kasserar Lusie Gjersvoll orienterte.

Det vart opna for kommentarar og spørsmål.

Forslag 1:

Fjerne posten «Temamøter/mammagrupper» og erstatte med «temamøter» og heve beløpet til 15000 kr. Flytte 5000 kr. frå informasjons materiell posten «Bergen samling» til posten «Temamøter».

Forslag nr. 2:

Etablere ein post for «sparing». Styret bestemmer kor mykje beløpet skal vere på.

Forslag nr. 3:

Styret ryddar opp i budsjett postane slik at ein har ein brukskonto med eit beløp, og ein høg rente konto på eit fast beløp. .

Forslag nr. 4:

Auke posten renteinntekter frå 3000 kr. til 30 000 kr.

Innstilling til vedtak: Budsjettet for 2014 blir godkjend med ovannemnde forslag.

Vedtak: Budsjettet for 2014 vart ein stemmig godkjend.

Sak 8. Val.

Valkomiteen har disse medlemmane: Anne Britt Vartdal og Rolf Farstad. Anne Britt Vartdal orienterte om arbeidet og la fram komiteen si innstilling.

Følgjande medlemmar er foreslått til det nye styret for Støttegruppa 22.juli Møre og Romsdal:

Plassar i styret:

Hege Løseth, leiar (attval –for 2014-15)
Sveinung Hjetland (til 2015)
Signe Berit Lervåg (attval 2014-16)
Erik Kursetgjerde (til 2015)
Sindre Holberg (attval 2014-16)
Lusie Gjersvoll(til 2015)
Margun Vartdal Romestrand (attval 2014-16)
Line Hatmosøe Hoem (ny- 2014-16)

Vara plassar (til 2015):

1.vara- Kitty Eide
2.vara-Tore Kvalsvik
3.vara- Bjarte Bjørkavåg
4.vara-Britt Torill Vartdal
5.vara- Kathrine Sourza Kleiven

Val nemnd til årsmøtet 2015:

Rolf Farstad
Torild Flåte
Antonia Kvalsvik

Revisorar:

Jon Kvalø
Jon Inge Lervåg

Fylkesstyret med e-post adresser:

1.Hege Løseth , leiar, hege.loseth@mrfylke.no
2.Sveinung Hjetland, nestleiar. sveinung.hjetland@sunndals.net
3.Erik Kursetgjerde, styremedlem. erikkursetgjerde@gmail.com
4.Signe Berit Lervåg, styremedlem. signe.berit@lervag.net
5. Margun Vartdal Romestrand, styremedlem, margun.v. romestrand@tussa.com
6. Lusie Gjersvoll, styremedlem. lusie.gjersvoll@sunndal.kommune.no
7. Sindre Holberg, styremedlem, sinholbe@online.no
8. Line Hatmosøe Hoem, styremedlem, hoem.line@gmail.com

Vara representantar med e-post adresser:

1.vara- Kitty Eide, kitty.eide@shell.com
2.vara-Tore Kvalsvik, tore.kvalsvik@tussa.com
3.vara- Bjarte Bjørkavåg, Bja-bjoe@mimer.no
4.vara-Britt Torill Vartdal, britoril@stayon.no
5.vara- Kathrine Sourza Kleiven, katkle22@gmail.no

Innstillinga vart gjennomgått med namn .

Dei inn stilte vart valt ved akklamasjon.

Årsmøtet vart formelt avslutta.

På veggen av fylkesstyret takka Hege av vararepresentantar som gjekk ut av styret og dirigenten for vel utførd oppdrag, og alle medlemmane for frammøtet.

Margun V. Romestrand,
Ref.

Anny Fjærli Hjetland

Anny Fjærli Hjetland

Svein Vorren

Svein P. Vorren